

Samisk tid
Mayakalenderen
.....og dei kristne



Bibliotek for Humaniora

2012

Samisk tid
Mayakalenderen
.....og dei kristne



Bibliotek for Humaniora

2012



Laponiæ Islandæ

©Universitetsbiblioteket i Bergen, 2012.

Utstillinga er arrangert og utforma av:

Solveig Kavli, Bibliotek for humaniora.

Pedro Vásquez, Manuskript- og librarsamlingane.

*Vi takkar fotograf Arvid Sveen for bruk av bilete Akkhu
frå Mytiske landskap, 2003.*

Takk til Ellen Grundvåg for utlån av samiske gjenstandar.

Takk til Håkan Rydving for gode råd.

Samar

Solveig Kavli

Samane er rekna som urfolk i Noreg. Ser vi på folketalet seier statistisk sentralbyrå at det er vanskelig å telje samane. Geografisk sett finn vi samisk befolkning i Russland, Finland, Sverige og Noreg. Rundt rekna meiner ein at det er om lag 80.000 samar på verdsbasis, av desse bur om lag 40.000 i Noreg. Av dei norske samane driv om lag 10% med reindriftsnæring.

Om ein sjølv reknar seg som same eller ikkje er det opp til den enkelte å avgjere. I Noreg er det slik at alle samar er norske, men ikkje alle nordmenn med samisk opphav ser på seg sjølv som samar. Mi kjensle er at jo lenger sør du bur i Noreg, jo lettare er det å vere same. Jo lenger nord du bur, jo vanskeligare er det å seie «eg er samisk». Ein seier heller at «bestemora mi var samisk.» Sjølv går ein under kategorien norsk.

Det norske språket er det ein høyrer rundt seg og høver seg til. Dei norske reglane er dei gjeldande.



Sametinget i Kárásjohka.

Motstand

Samar har opplevd inngrep frå styresmakter frå 1700-talet og fram til i dag. Dette har ikkje skjedd utan kamp.

På slutten av 1970-talet reiste det seg ei rørsle mot utbygginga av Altaelva. Under Stillademonstrasjonen mot utbygginga av Alta-Kautokeino vassdraget på 1980 talet sat samar opp ein lavvo framfor Stortinget. La elva leve var budskapet som blei ignorert av statsminister Gro Harlem Brundtland. Det vekte harme i Nord-Noreg at Stilla-elva skulle gjerast om til kraftverk, og demonstrasjonane vekte også internasjonal interesse. Kraftverket blei trass sterke demonstrasjonar realisert i 1987, same statsminister innrømte i 1989 at utbygginga var eit mistak. I 1989 oppretta ein Sametinget, ei nasjonal, representativ folkevalt forsamling for samar i Noreg. Sametingets viktigaste oppgåve er å ivareta samar sine interesser og ivareta samisk kultur. Det fungerer som rådgivande organ for Stortinget i samiske spørsmål.

Sameloven frå 1987 seier om Sametingets valgmanntall i §2-6 at:

Alle som avgir erklæring om at de oppfatter seg selv som same, og som enten

a) har samisk som hjemmespråk, eller

b) har hatt forelder, besteforelder eller oldeforelder med samisk som hjemmespråk, eller

c) er barn av person som står eller har stått i Sametingets valgmanntall, kan kreve seg innført i Sametingets valgmannstall.

Motstanden blant samar blei tatt til følge og opprettinga av sametinget har ført til at vi i dag har 3 offisielle administrative språk: Nynorsk, bokmål og samisk. Samisk har altså vunne terreng i det offentlige rom, men er og vil vere eit minoritetsspråk i Norge.

Snakk norsk!

Ei sjøsamisk bestemor fortalte meg om då ho gikk på internatskule som lita jente rundt 1920. I friminutta flaug lærarinna hennar rundt og hytta med fingeren og sa «Snakk norsk!»

Bestemora her hadde eit norsk namn, Elen, og eit samisk namn, Elli.

To namn på eit og same barn blei også praktisert i samiske samfunn etter kristninga på 1700-talet. For misjonærane var det viktig å kristne samane. Del av kristninga var dåpen.

I samisk religion var namnet ein ga barnet lada med kraft. Om eit barn etter å ha fått namnet var urolig, eller mismodig meinte ein dette namnet slett ikkje passa, og ein gav barnet eit nytt og betre namn. Det kristne dåpsnamnet blei det offisielle, men etter dåpen «vaska» ein vekk dette namnet og gav barnet det private samiske namnet, eit namn som passa godt til barnet og som ofte var ein variant av dåpsnamnet. Det samiske namnet blei nytta blant samane, medan ein nytta det norske namnet i samhandling med nordmenn. På denne måten var ein og beskytta frå at norske styresmakter hadde muligheit til å nytte det samiske namnet.



Foto: Vidar Knai, NTB

Svolteaksjon utanfor Stortinget 8. oktober 1979.

Kalendariske rite i samisk religion

Samisk religion følgde årstidene og hadde kalendariske ritual der ein ofra på heilage stader, *sieider* (offersteinar). I sommarmånadane ofra ein ei kvit geit til soldattera Biejvveniejdda for fint ver og for å forhindre mental svekking (Rydving, 2004, s.104). Eit anna viktig ritual var den store haustfestivalen i slutten av september som samanfall med slakting av rein. Her ofra ein blod frå dyra til tordenguden og til jorda, som jo skulle gi menneska og dyra mat. Årets siste ritual var Ruohitta festivalen som blei feira i den heilage månaden. Dei kristne rituala og dei samiske eksisterte ein periode ved sida av kvarandre, ein feira både samiske ritual og kristne, men med tida sat ein opp kyrkjer der samiske heilage stader hadde vore. Den religiøse endringa sat kristendomen over samisk religion både åndelig, politisk og lokalt.

I boka *Mytisk landskap* skriv Arvid Sveen at ein framleis finn offerstader i naturen i Finnmark. Ein ofrar for å få godt fiske, for god jakt og for vern (2003). Sveen har dokumentert offerstader på 1990-talet gjennom sitt biletmateriale. Dei mest vanlige offergåvene er dyreblod, fiskerestar, reinsdyrhorn og myntar.

Dei heilage steinane er i naturen framleis, og dei utgjer ein del av det mytiske landskapet menneska beveger seg i.



Mesoamerikanske kalendere

Pedro Vázquez

Mesoamerikanske kalendere ble brukt for å orientere seg om solår, måneår, Venus' syklus og andre lesbare fenomener: Her finner vi også religiøse og rituelle sykluser hvis grunnlag er ukjent. Disse kalenderne var vesentlige for utøving av profetier og spådom samt for feiringen av religiøse festivaler.



Felles for mesoamerikanske kalendere er syklusen på 260 dager, også omtalt som *Tzolk'in*. Dette er den eldste og viktigste kalenderen som også er i bruk blant noen mayagrupper i høylandet i Guatemala og blant noen oaxacanske folkeslag.


Kalenderen ble trolig utviklet av jordmødre for å beregne fødselsdatoer, det vil si fra første uteblitte menstruasjon til fødsel, tilnærmet 9-måneders menneskelig graviditet. I mange deler av Mexico tok mennesker og guder sine navn utfra fødselsdatoen i mayakalenderen.

Kalenderen hadde et eget navn på ulike språk. Selv om mange av disse nå er tapt har arkeologer noen ganger brukt begreper som pseudo-Yucatec Maya Tzolk'in for å henvise til telling av 260 dager. Aztekerne selv kalte den *Tonalpobualli*, og i boken ble det spilt *tonalamatl* (et terningspill). Denne boken var den viktigste i Mesoamerika for både mennesker og guder.

Almanakken på 260 dager var en grunnleggende guide for fremtiden. Hver dag og hvert tall hadde sine ledetråder. Gaver og svakheter ble gitt av en fødselsdato, og de som var født på trøblete dager ble ofte omdøpt for å oppnå mer lykke.

Hver av de 20 dagene hadde spesifikke assosiasjoner med en guddom. Assosiasjoner med naturfenomenen i maya og aztek- kalenderne følger under:


Maya, Yactec navn	Aztec navn	Betydning
1 Imix (vannlilje)	Cipactli (caiman)	jordens overflate
2 Ik (vind)	Ehecatl (vind)	vind
3 akbal (mørke)	Calli (hus)	natt, mørke, jaguar
4 Kan (mais)	Cuetzpallin (øgle)	mais, overflod
5 Chicchan (himmelsk slange)	Coatl (slange)	slange
6 Cimi (død)	Miquittli (død)	død
7 Manik (hjort)	Mazatl (hjort)	hjort
8 Lamat (Venus)	Tochtli (kanin)	Venus, kanin
9 Muluc (jade, vann)	ATL (vann)	vann
10 Oc (hund)	Itzcuintli (hund)	hund
11 Chuen (ape)	Ozomatli (ape)	ape
12 Eb (ondt regn)	Malinalli (gress)	
13 Ben (grønn mais)	Acatl (sukkerrør)	
14 IX (jaguar)	Ocelotl (jaguar)	jaguar
15 menn (ørn)	Cuauhtli (ørn)	ørn
16 Cib (voks)	Cozcacuauhtli (gribb)	
17 Caban (jord)	Ollin (bevegelse)	jord, jordskjelv
18 Edznab (flint)	Tecpatl (flint)	flint
19 Cauac (storm)	Quiahuitl (regn)	regn, storm
20 Ahau (herre)	Xochitl (blomst)	sol



Xiuhtecuhtli, ildgud og gud for tid i aztekisk mytologi



Aztekisk kalender



Mesoamerikanske kalendere har en syklus på 52 år.

Kalenderen på 260 dager (til venstre) er samstemt med kalenderen på 365 dager (til høyre). Det tegnes her som et tannhjulssystem og følger standard mayanotasjon, selv om dager og måneder har hatt ulike navn og symboler i forskjellige mesoamerikanske kulturer.

Kalenderen på 260 dager er sammensatt av 20 ulike navn på dagene (ytre hjul) og 13 dager med tall (indre hjul). Begge disse hjulene roterer i det uendelige. Det tar 260 dager for å utføre alle kombinasjonene.

Kalenderen på 365 dager består av 18 måneder, denne blei på Yucatanhalvøya kalt *haab*, solåret. Disse månedene består av 20 dager, nummerert fra 0-19, eller 1-20 avhengig av regionen, og av 5 ulykkesdager. Det store hjulet over viser slutten av måneden *Cumku* og de 5 ulykkesdagene. Det vil ta 52 x 365 dager (eller 52 år) for syklusen når dette punktet igjen. Noen mayagrupper i høylandet holder fortsatt en kalender på 365 dager.

Utdrag fra testamentet til Dronning Isabella den katolske (1451-1504)

... fordi mens vi ble tildelt de hellige apostoliske øyene og fastlandet ved verdenshavene, det oppdagete og uoppdagete, var vår viktigste intensjon i tiden mens vi ber til Pave Alexander VI, med god vilje, å gjøre nevnte konsesjon (3), **(Vi)forsøker å overtale folket og bringe dem og konvertere dem til vår hellige katolske tro og sender til de nevnte øyene og fastlandet, prelater og religiøse og andre lærde og gudfryktige, for instruksjon** [til å bli] naboer og borgere i den katolske tro og lære dem og [de] gode manerer. (Vår oversettelse og utheving).

Dronning Isabella den katolske rusta Kristoffer Colombus med penger til å oppdage Amerika i 1492. Colombus på si side brukte statusen som Dronningas utsendte til å kristne urfolk (maya og aztekere) med makt, og til å gjøre landa han kom til, til en del av det nye Spania.

Når vi snakker om koloniseringen av Amerika må vi ta hensyn til sammenhengen mellom erobrere og misjonær. Bare da kan vi forstå den spanske koloniseringen. En av de mest kjente var Fray Bartolomé de Las Casas fra Sevilla, en lidenskapelig forsvarer av indianernes rettigheter mot overgrep fra spanske erobrere(...).

Hans råd var at massiv import av svarte (afrikanere) ville lette arbeidet til indianerne, som ikke hadde sterk nok fysikk til arbeidet spanjolene krevde. Han ble kalt for indianernes apostel. Apostelens gode intensjoner la grobunnen for slaveriet i Amerika.



Isabel la Católica dikterer sitt testamente (1864) Eduardo Rosales

Dei kristne

Solveig Kavli

Tomas von Westen (1682-1727)

Det var uro blant misjonærar på 16-1700 talet om korleis ein kunne få samar til å vende seg til Gud. Ein hadde kjennskap til at samane hadde sin eigen religion, som av misjonærane blei oppfatta som hedendom.

I 1716 blei Tomas von Westen utnemnd til å leie eit misjonsarbeid retta mot samar i Finnmark.

Von Westen meinte at ein måtte ha ein eigen samemisjon der ein kristna samane, og utdanna eigne lærarar i Trondheim som skulle vidareformidle Guds ord og skulens ABC til samar på samisk.

Noaiden som religiøs leiar og runebomma var særlig utsat i denne tida, og misjonærane såg på begge som heidenske. Runebomma var ei tromme med ulike symbol. Den fungerte som verktøy for noaiden til å kommunisere med underverda. Noaiden blei nytta både som lege og religiøs ekspert. Von Westen såg på rituala som noaiden utførte som ukristelige. Han såg til at runebommer blei konfiskert og hadde over 70 runebommer i si varetekt, som han sende vidare til København. Håkan Rydving skriv i *The End of Drumtime* at von Westens kamp mot utøving av samisk religion førte til at religiøs praksis i sterkare grad fann stad i det skjulte (2004, s.61). Misjonærar og omvende kristne samar destruerte heilage stader der dei kom over desse.

Siste noaidar ein kjenner til ved namn er Gudá-Vuorrok og Jon Andersson Swirpa som levde på midten av 1700-talet (Rydving, 2004, s.41). Gudá-Vuorrok kunne ta seks ulike former, hadde fått kunnskap til underverda og kunne sjå framtida.

Misjonærane vann terreng og noaidane blei kristna med tvang.



Tomas von Westen (1682-1727)

Samisk prest og diktar Anders Fjellner skreiv helteeposet Päiven Parneh /Beivvi bártnit, (Solsonen).

Anders Fjellner i ein drakt av semska reinskinn.
Foto frå 1871 av Lotten von Düben.



Lars Levi Læstadius (1800-1861)



Teolog og botanikar Lars Levi Læstadius hadde samisk mor og svensk far. Læstadius skreiv fleire bøker i både botanikk og teologi. Han starta prestegjeringa si i Karesuando i 1826. Sjølv om runebommene då var forbodne offisielt fanst det likevel element av samisk religion på byrjinga av 1800-talet i nordområda. I 1839-45 jobba Læstadius på eit manuskript om *Fragmenter i lappska mythologien: Gudalära*. Her gjorde han greie for

samisk religion og kosmologi og fortalde om inndelinga i underverda, vår verd og det hinsidige, slik *noaidar* hadde vidareformidla det til han gjennom teikningar på runebommene.

For Læstadius var det aller viktigaste å formidle Guds ord på samisk til samar. Både Bibelen og salmane måtte vere tilgjengelig på samisk for at dei skulle kunne bli Guds barn. Det viktigaste var å vende seg til Gud, kva for etnisk gruppe ein tilhørde var likegyldig så lenge ein var gudsfryktig.

Roald Kristiansen skriv at ein av grunnane til at denne vekkinga slo igjennom var at rørsla fungerte som samlande på folket i nord (2005, s.45). Læstadianismen var ei pietistisk retning som la vekt på måtehald både frå materielle gode og alkohol. Dette siste var særleg viktig fordi alkoholisme var utbreidd blant nokre samar og kunne føre til naud og fattigdom.

Rørsla la vekt på forkynning og at alle kunne predike guds ord, så lenge dei var lesekyndige og hadde fått ei nådegåve. Ein hadde forsamlingar uavhengige kyrkjerom. Kristiansen peiker på at i læstadianismen er vekkingar og såkalla '*rørelser*' ei revitalisering av noiadens ekstase. Ein rørelse er ei sterk religiøs oppleving der den rørte for eksempel kastar seg til bakken og kjenner Guds nåde strøyme gjennom seg.

Læstadianarar i dag finn ein i Norden og i USA, dei er særleg aktive i nord og nyttar framleis forsamlingar som religiøse møterom.



Finnmarchen av Hans Hansen Liliensjold

Kjelder

Douglas, Davis. *Mayaprofetiene 2012: mayakalenderen og den nye tiden*.

Oslo: Cappelen Damm, 2009.

Gaski, Harald. «Helteepos, utopi og bønn. Solsonnen, soldattera og samene». *Ravntrykk*, nr.7, 1996.

Kristiansen, Roald. *Samisk religion og læstadianisme*. Bergen: Fagbokforlaget, 2005.

Læstadius, Lars Levi. *Fragmenter i Lappska Mythologien: Gudelära*. Tromsø: Angelica Forlag AS, 2003.

Miller, Mary og Taube, Karl. *The gods and symbols of ancient Mexico and the Maya*. New York: Thames and Hudson, 1993.

Rydving, Håkan. *The End of Drumtime: Religious Change among the Lule Saami*. 3.utg. Uppsala: Uppsala universitet, 2004.

Statistisk sentralbyrå: «Færre bor i samisk bosettingsområde»,

<http://www.ssb.no/emner/02/01/10/samisk/index.html>, (nedlasta 01.02.2012).

Sveen, Arvid. *Mytisk landskap*. Tromsø: Orkana forlag, 2003.

<http://saamiblog.blogspot.com/2009/01/pre-christian-sami-religion-and-gods.html>

<http://digitalarkivet.uib.no/miniutstilling/lill43.htm>

Samisk tid
Mayakalenderen
.....og dei kristne



Bibliotek for Humaniora

2012